

12.04.2011


SØKNAD OM KONSESJON FOR VIGDØLA KRAFTVERK



Presentasjon av tiltakshaver

Statkraft er eit statseigd kraftselskap som og er Noregs største produsent av elektrisk kraft, og som står for om lag ein tredel av vasskraftproduksjonen her i landet.


Selskapet legg eit langsiktig perspektiv til grunn for all verksemد for å sikre tilfredsstillande økonomiske resultat, ta vare på naturmiljøet og gje energi til komande generasjonar. For Statkraft er det viktig til ei kvar tid å søkje å utnytte dei ressursane som er til rådvelde på ein best mogeleg måte, der og omsynet til miljø og økonomi er godt ivaretake.




Eksisterande vasskraftutbyggingar i vassdraget

Den planlagde utbygginga ligg i Jostedalen i Luster kommune i Sogn og Fjordane. I dag er det 4 kraftverk i drift i Jostedalen. Dei to største, Leirdøla og Jostedalen, har ein installasjon på høvesvis 117 og 288 MW. Jostedal kraftverk nyttar eit fall på nærmere 1200 m frå nedbørfelt på nord- og austsida av dalen. Totalt omfattar denne reguleringa 17 % av det totale nedbørfelt til Jostedøla. Leirdøla kraftverk nyttar eit fall på nærmere 460 m frå Tunsbergdalsvatnet vest for Jostedalen. Nedbørfeltet til kraftverket er ca. 18 % av det totale nedbørfelt til Jostedøla.

I tillegg til Statkraft sine vasskraftanlegg finns det 2 småkraftverk i dalen, Geisdøla og Vanndøla kraftverk.



Utbyggingsområdet: Blå strekar er noverande utbygging og raud strek den planlagde



Bakgrunnen for planane

Bakgrunnen for planane er at Statkraft ønskjer å utnytte ein større del av energipotensialet som finst i regulerte vassdrag i Jostedalen. I dette tilfellet vil eksisterande Jostedal kraftverk bli nytta betre og Statkraft ser difor på prosjektet som eit typisk opprustings- og utvidingsprosjekt. Etter at Jostedal kraftverk vart sett i drift hausten 1989 har det ikkje vore utvidingar av anlegget. Vigdøla kraftverk vil dra nytte av tilkomsttunnelen og avlaupstunnelen frå Jostedal kraftverk. I tillegg vil straumen bli opptransformert i eksisterande transformator, opp til 300 kV-nivå og ført ut på eksisterande kraftleidning.





Utbyggingsplanen

Vigdøla er ei sideelv til Jostedøla som renn saman med Jostedøla om lag 12 km oppstraums utløpet i Gaupnefjorden. På om lag kote 1200 er det fleire bekkeinntak til Jostedal kraftverk som har redusert vassføringa i Vigdøla.

Inntaket til kraftverket blir etablert ved Skitnamyrtjønni, på kote 605. Frå inntaket vil vatnet bli ført ned ei vertikal sjakt på om lag 400 m og vidare i ein ny tunnel på om lag 1,3 km ned til kraftstasjonen. Tunnelarbeida blir utførte med konvensjonell tunnelsprenging frå stasjonen og opp til sjakta. Sjakta vil bli bora frå inntaket, men massane vil i hovudsak bli tekne ut via stasjonen. Tunnelmassane er planlagt transportert ut og deponert ved eksisterande tipp ved Ormbergstølen. Volumet som skal deponerast i tippen blir om lag 55 000 m³.

Kraftstasjonen blir sprengt ut som ein eigen fjellhall ikkje langt frå den eksisterande stasjonshallen. I hallen skal det installerast ein ny turbin og generator på 16 MW, men transformatoren til Jostedal kraftverk nyttast for å føre krafta ut på 300 kV nettet. Avlaupet frå kraftstasjonen vert kopla inn på den eksisterande avlaupstunnel frå Jostedal kraftverk og vatnet blir difor ført til Gaupnefjorden via eksisterande djupvassutslepp.

Årleg produksjonsauke ved utbygginga er vurdert til om lag 48 GWh, og kostnaden er rekna til om lag 130 millionar kroner.




**Myklemyr med tippområdet ved
Ormbergstølen og eksisterande
portalbygg i bakgrunnen**

Fleire alternative løysingar for utbygging av Vigdøla er vurdert. Det alternativet som gjev best lønsemd, nest etter hovudalternativet, er bygging av småkraftverk i to trinn nedover Vigdøla, sjølv om det i sum gir mindre energiproduksjon.

Ein variant av hovudalternativet er ei løysing der vatnet blir ført ut i Jostedøla ved Myklemyr. Ei slik løysing gir ca 100 m lågare fallhøgde, og mindre energiproduksjon, men løysinga blir framfor alt mykje dyrare enn hovudalternativet.



Vigdøla ved Syneshaug



Bilete: Kart over utbyggingsplanen

Forholdet til Samla Plan og verneplanar

Vigdøla kraftverk er større enn 10 MW og ein måtte difor søkje om unnatak frå "Samla plan for vassdrag" før prosjektet kunne konsesjonshandsamast. Direktoratet for Naturforvaltning ga løyve til dette i desember 2008.

Vigdalen Landskapsområde ble oppretta i august 2009, men dette strekkjer seg ned til kote 700 som er om lag 2 km oppstraums inntaket til Vigdøla kraftverk.

Kort samandrag av konsekvensutgreiinga

Konsekvensutgreiingar er utførd etter eit godkjend utredningsprogram (KUP) frå NVE. Utredningane har gjeve svar på blant anna desse spørsmåla:

- ✓ I kor stor grad vil redusert vassføring påverke landskapsmessige forhold?
- ✓ Kva vil utbyggingsplanane ha å seie for biologisk mangfald både i Vigdøla og Jostedøla (mellan anna temperaturendringar og ev. påverknad på fisk)?
- ✓ I kor stor grad vil utbyggingsplanane påverke friluftsinteressene i området?
- ✓ Vil planane påverke næringsinteressene i området (mellan anna landbruk)?

Utgreiingane inneholder undersøkingar av mellom anna:

- Vassføringstilhøve
- Istillhøve, vassstemperatur og lokalklima
- Sedimenttransport og erosjon
- Landskap og friluftsliv
- Naturmiljø inkl. fisk
- Kulturmiljø og kulturminne
- Vasskvalitet, vassforsyning og ureining
- Næringsliv og sysselsetting

Konsekvensutgreiar har kome fram til at ei utbygging av Vigdøla kraftverk vil ha relativt små negative verknader på naturmiljø, naturressursar, landskap, kulturminne, kulturmiljø og friluftsliv i området. Dei fysiske inngrepa er små. Såleis er det lågare vassføring i Vigdøla som vil gje noko negativ verknad. Det planlagde sleppet av minstevassføring om sommaren redusere likevel langt på veg omfanget. Tippen som planleggast etablert nær eksisterande tipp ved Ormbergstølen vil kunne gi nye jordbruksareal.

Det er framfor alt lågare vassføring som vil gje landskapsmessige konsekvensar. Med unnatak av enkelte punkt langs vegen og jordbruksområdet ved Syneshaug, er Vigdøla nedstraums inntaket lite synleg frå veg og busetnad. Frå Syneshaug og ned mot Jostedøla går elva i eit relativt djupt gjel omgitt av skog. Samla sett er utbygging av Vigdøla vurdert å ha liten negativ konsekvens på landskapsbiletet.

For friluftsliv er tiltaket vurdert å gje liten negativ konsekvens. Det er framfor alt områda oppstraums inntaket i Vigdøla som har stor verd for tradisjonelt friluftsliv og reiseliv.

For naturmiljø er tiltaket vurdert å gje liten til middels negativ konsekvens. Det er framfor alt lågare vassføring som kan føre til at fossekall verte skadelidande. I regulerte vassdrag med store variasjon i vassføringa er det kjent at arten ofte vert borte.

Samla sett for jord- og skogbruk og for næringsliv og sysselsetting er tiltaket vurdert å gje liten til middels positiv konsekvens. Det kjem i hovudsak av auka jordbruksareal og auka inntekt til kommunen.

Alt i alt vil **naturinngrepa** i samband med den planlagde utbygginga bli små sett i høve til produksjonsvinsten, slik Statkraft ser det.

Moglege avbøtande tiltak

Det viktigaste avbøtande tiltaket som skal gjennomførast er føreslegen minstevassføring. Ettersom kraftverket har ei øvre slukeevne vil det, spesielt i snøsmeltinga tidleg på sommaren, framleis verte stor vassføring i Vigdøla nedstraums inntaket. Av omsyn til landskapsbilete vil det også verte vurdert å etablere tersklar i eit flatt parti mellom kote 550 og 580. Føremålet er å auke vassdekt areal i den del av elva som er synleg frå veg og frå busetnaden på Syneshaug. Tersklar kan vere positivt både for jordbruk og for fisk i området. I detaljutforming og gjennomføring av planane vil det bli lagt vekt på å tilpasse dam, inntak og tipp til landskapet og å avgrense omfang og utstrekning av naturinngrepa. Ureining og støy frå anleggsverksemder kan førebyggjas med god planlegging og oppfølging av drifta.

Vidare saksgang

Medverknad i planlegginga frå folk som har gode kunnskapar om områda er viktig for at løysingane skal bli så gode som råd er. Statkraft treng råd og tips om kva som er viktig å få med og om det er naudsynt med spesielle tiltak i detaljutforming og gjennomføring av planane

Noregs vassdrags- og energidirektorat, NVE, handsamar utbyggingssaki sentralt. Handsaminga skjer i tre fasar:

Fase 1 - meldingsfasen

Tiltakshavar gjer greie for planane som ligg føre og for dei konsekvensutgreiingane ein meiner er naudsynte i ei melding. Føremålet med meldinga er å informere om planane og å få meldingar attende om forhold som bør vurderast i vidare planlegging, og om moglege verknader og følgjer som bør takast med når det endelige programmet for konsekvensutgreiingane skal formast av NVE.

Fase 2 - utgreiing

I denne fasen vert konsekvensane greidde ut i samsvar med det fastsette programmet. Teknisk/økonomiske planar vert vidareutvikla på grunnlag av innspel på meldinga og informasjon som kjem ut av utgreiinga. Fasen vert avslutta med innsending av konsesjonssøknad med tilhøyrande konsekvensutgreiingar til NVE.

Fase 3 - søknad

Denne faldaren gjev eit oversyn over Fase 3. Planlegginga er avslutta og søknaden med konsekvensutgreiingane er send til Olje- og energidepartementet (OED) v/NVE, og vert då handsama etter særskilte reglar. Søknaden vert kunngjort i pressa og lagt ut til offentleg innsyn. Samstundes vert den sendt på høyring til sentrale og lokale forvaltningsorgan og interesseorganisasjonar. Alle som har interesser å ta vare på i denne samanhengen, kan sende dette skriftleg innan ein frist på minst 6 veker etter kunngjeringsdato. Adressa er:

NVE – Konsesjon og tilsyn, Postboks 5091 Majorstua, 0301 OSLO.

I høyringsperioden vil NVE arrangere eit ope møte med orientering om saksgangen og planane for utbygging. Tid og stad for møtet vert kunngjort i lokalaviser.

Vassdragsreguleringslova seier at grunneigarar, rettshavarar, kommunar og andre interesserte kan krevje utgifter til juridisk bistand og sakkunnig hjelp dekka av tiltakshavar i den grad det er rimeleg. Ved usemje om kva som er rimeleg, kan saki leggast fram for NVE. Det er rådd til at privatpersonar og organisasjonar med sams interesser samordnar sine krav. Det er vidare rådd til at krav om dekking vert avklarte med tiltakshavar på førehand.

Etter ny høyringsrunde vil NVE utarbeide innstilling i saki og sende denne til OED. Endelig avgjerd vert teken av Kongen i statsråd. Store eller særleg konfliktfylte saker vert lagde fram for Stortinget.

I konsesjonen kan det setjast vilkår for drift av kraftverket og gjevest pålegg om tiltak for å unngå eller redusere skader og ulemper.



Eksisterande terskel ved
utlaupet av Skitnamyrtjønni

Meir informasjon?

Dersom det er ønskjeleg med nærmere opplysninger om planane finn du konsesjonssøknaden utlagd i kommunehuset i Luster og på Statkrafts regionskontor i Gaupne. I tillegg kan du ta kontakt med NVE eller Statkraft direkte.

Spørsmål om sakshandsaminga kan rettast til:

Noregs vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua 0301 OSLO

Kontaktperson:

Marthe Cecilie Pramli, tlf. 22 95 92 23

Spørsmål om søknaden, innhaldet i denne, samt den vidare planlegginga
kan rettast til:

Statkraft
Postboks 200, Lilleaker
0216 OSLO

Kontaktpersonar er:

Anders Korvald tlf. 24 06 71 55.
Norman Kjærvik, Statkraft sitt regionkontor, tlf 57 68 92 07.



Spørsmål om søknaden, innhaldet i denne,
samt den vidare planlegginga
kan rettast til:

Statkraft
Postboks 200, Lilleaker
0216 OSLO

Kontaktpersonar er:
Anders Korvald tlf.: 24 06 71 55.
Norman Kjærvik tlf: 57 68 92 07
Statkraft sitt regionkontor